

Første øving med korpset

31.05.2011



Hanna saman med Ann Helen, birgitte, Mia og Emilie

17. mai er over, og vi kan sei at skulekorpset alt er i gang med neste sesong.

På øvinga i kveld stilte derfor fem av aspirantane
på øving med korpset for første gong.

Med forventning i blikket stilte dei opp, og som seg hør og bør vart dei
tekne flott i mot av dirigenten og musikarane i korpset.

Kva er vel kjekkare enn at talet på musikarar veks?



Thea, Ida Marie, Amalie og Camilla er dei nye kornettistane.

Med tavle og dirigentpinne som pedagogisk hjelpemiddel gav dirigenten Tor Skeie Olsen dei ei første innføring i korleis det er på skulemusikkøvingane. Roleg og smilande, som alltid, presenterte han seg for nybyrjarane. Tonane kom som dei skulle, og det var tydeleg at både dei nye og dei meir rutinerte musikarane trivdest saman! Dei fem som var påøving for første gang var: Ida Marie Eidsvik, Thea Taranger, Camilla Ripel, Amalie Rød (alle kornett) og Hanna Tvilde (althorn). I tillegg er Cecilie Haugland Røstbø også aspirant. Med dei nye musikarane på plass var det naturleg med ekstra kos, og i pausen vart det servert skillingsbollar. I tillegg fekk alle DV. Den som Brazzooka har spelt inn.

Styret er svært glad for at Tor Skeie Olsen har sagt ja til å halde fram som dirigent. Den populære og dyktige dirigenten har heile tida hatt tru på oppbygginga av skulemusikken. Tålmodig har han lagt ned eit godt grunnarbeid første året. Med Tor med dirigentpinnen er det og godt håp om at alle musikarane held fram, og då kan korpset ha ein besetning på rundt tjue neste sesong. Kanskje kan nokre som har spelt tidlegare og gjera comeback?

Eg er overbevist om at dette tålmodige og grundige arbeidet kan gje bygda eit godt skulekorps i framtida.

Før korpset tar sommarferie er det enno nokre få øvingar. Sesongen vert avslutta med tur til Bergen 18.juni. Styret har og planlagt starten på neste sesong. Då vert det deltaking på Karmøy Brassfestival alt siste helga i september. Korpset har vore på den populære festivalen mange gonger før, og både dei nye og dei erfarte musikarane har noko å gle seg til.

Tekst og foto: ThorInge Døssland